

- KUNNGJERING -

Strandafjellet Skisenter AS – søknad om løyve til etablering av dam og uttak av vatn frå Langedalselva i Stranda kommune

NVE har mottatt søknad frå Strandafjellet Skisenter AS om løyve til å demme opp Langedalselva for regulering mellom kote 740 og 747, og uttak av vatn frå ny dam til snøproduksjon i perioden 1. november til 31. mars. Søknaden vert behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov.

Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på NVE sine internettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Strandafjellet Skisenter v/Stian Græsdal på tlf.: 46749492 eller e-post: stian@strandafjellet.no.

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202212014 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er innan **01.02.2023**.